

NVE  
Postboks 5091  
0301 OSLO

Dykkar ref.: 201208132- Vår ref.: 12/691-9  
10

Arkiv: K2-S11, K1-

Dato: 21.03.2016

## MELDING OM VEDTAK - HØYRINGSUTTALE - UΤBYGGING AV GJUVÅA KRAFTVERK

Eg viser til brev datert 08.01.16 om høyring av Skagerak Kraft AS sin søknad om løyve til å bygge Gjuvåa kraftverk.

Hjartdal kommune fekk i e-post frå NVE 29.02.16 utsett høyringsfrist til 31.03.16.

Hjartdal kommunestyre handsama i møte 16.03.16, sak 024/16 "Høyring - Konsesjon til bygging av Gjuvåa kraftverk".

Hjartdal kommunestyre fatta følgjande vedtak:

1. *Hjartdal kommune stiller seg positive til at det blir gitt konsesjon for bygging av Gjuvåa kraftverk. Planane er ikkje i vesentleg strid med kommunale planar og dei samfunnsmessige fordelane ved ei utbygging er større enn ulempene.*
2. *Dei avbøtande tiltaka som er foreslått er akseptable for å kompensere for dei negative naturmessige konsekvensane ved utbygginga, men Hjartdal kommune ber om at konsesjonæren blir forplikta til å følgje opp sine idear om å utforme kraftstasjonbygget som ein sjåverdigheit med glasvegg i ein av fasadane, informasjonstavler om kraftproduksjon, samt skilting til attraksjonen frå fylkesvegen (nærmore omtalt i vurderinga i saksframlegget).*
3. *Hjartdal kommune ber om å få legge communal vassleidning i røygata utan å bli belasta kostnadene ved sjølve røygata.*

Med helsing

Rune Engehult  
Rådmann

Vedlegg: Saksframlegg.



# Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet	07.03.2016	020/16	RE
Kommunestyret	16.03.2016	025/16	RE

Saksansvarleg: Rune Engehult	Arkiv: K2-S11, K1-	Arkivnr.: 12/691
------------------------------	-----------------------	------------------

## HØYRING - KONSESJON TIL BYGGING AV GJUVÅA KRAFTVERK

### Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	02.05.2012	Skagerak energi	UTBYGGING AV GJUVÅA KRAFTVERK - INNKALLING TIL MØTE
2	I	06.11.2012	Skagerak Energi	KONSESJONSSØKNAD - INVITASJON TIL MØTE
3	I	17.12.2012	Skagerak Kraft AS	KOPI AV SØKNAD OM KONSESJON FOR GJUVÅA KRAFTVERK
4	I	08.01.2016	NVE	SØKNAD OM LØYVE TIL UTBYGGING AV GJUVÅA KRAFTVERK - HØYRING
6	U	23.02.2016	NVE	SØKNAD OM UTSETT HØYRINGSFRIST - GJUVÅA KRAFTVERK
7	I	29.02.2016	NVE	SVAR PÅ SØKNAD OM UTSATT HØRINGSFRIST GJUVÅA KRAFTVERK
8	I	04.03.2016	Telemark fylkeskommune	SVAR - SØKNAD OM LØYVE - GJUVÅA KRAFTVERK - SGAERAK KRAFT AS

### Vedlagde dokument:

Dokument nr. 4

Konsesjonssøknad for Gjuvåa kraftverk.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Vassressurslova

Energilova

**Saksgang:**

Formannskapet tilrår.

Kommunestyret gjer vedtak.

**Bakgrunn for saka:**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har den 13.11.15 motteke søknad om konsesjon for bygging av Gjuvåa kraftverk i Hjartdal kommune. NVE har den 08.01.16 sendt søknaden ut på høyring med frist 18.03.16.

NVE ber høyringsinstansane om konkrete syn på om konsesjon bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag til avbøtande tiltak. Dersom partane er kjend med tilhøve som ikke er belyst i søknaden ber NVE om tilbakemelding på dette. Kommunen blir spesielt beden om å vurdere søknaden opp mot gjeldande arealplanstatus. Når det ligg føre fleire søknadar i same område/kommune blir høyringsinstansane bedne om å vurdere den samla belastninga. Hjartdal kommune har òg motteke tilsvarende høyringsdokument knytt til søknad om konsesjon for bygging av Svorte kraftverk.

Rådmannen legg med dette kommunen sin høyringsuttale fram for politiske handsaming.

**Søknaden:**

Det er søkt om konsesjon etter vassressurslova om løyve til å bygge Gjuvåa kraftstasjon, og løyve etter energilova til bygging og drift av Gjuvåa kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kablar/kraftliner.

Bak søknaden står selskapet Skagerak Kraft AS som er eigd 100% av Skagerak Energi AS som igjen er eigd av Statkraft AS og kommunane Skien, Porsgrunn og Bamle.

Gjuvåa kraftverk vil nytte eit fall på 290 meter frå inntaket på 757 moh. til kraftstasjonen på 467 moh. Vassvegen blir eit 2700 meter langt nedgravd rør på vestsida av elva Gjuvåa i Tuddal. Rørtraseen vil i stor grad gå langs eksisterande veg. Den vil gå både i skogsterreng , sprengt inn i fjellsida og gå over dyrka mark. Rørtraseen vil bli 15 til 25 meter brei. Når bygginga er ferdig vil terrenget bli tilbakeført. Inntaket vil bli plassert ca 200 meter nedstraums Nybru sør for Russmarken og bestå av ein betongdam med 4 meters høgde og 50 meters lengde. Det vil bli bygd ca 70 meter veg inn till inntaksdammen og 50 meter veg fram til kraftstasjonsbygget. Kraftstasjonsbygget vil bli plassert 90 meter sør for fylkesveg 651 ved Tuddal camping. Støydempingstiltak skal bli gjennomført på kraftstasjonsbygget og ved utløpet. Det er utbyggar sitt ønske at bygget og området ved kraftstasjonen blir opparbeidd slik at det kan bidra til å skape aktivitet i området. Det vil bli lagt vekt på innspel frå grunneigarar og kommunen. Dersom det er mogeleg blir det vurdert å bygge den eine veggan i glas. Det er ønskeleg å gi bygget eit moderne uttrykk i kombinasjon med lokal byggeskikk.

Middelvassføringa ved inntaket er berekna til 1,04 m<sup>3</sup>/sek, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2,1 m<sup>3</sup>/sek. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,9 MW, med ein estimert årsproduksjon på 14 GWh. Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på ei 2,4 km lang elvestrekning i Gjuvåa. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 50 l/sek i vintersesongen og 114 l/sek i sommarsesongen.

Hjartdal Elverk AS har levert ein villigkeitserklæring knytt til tilkopling av Gjuvåa kraftverk til deira straumnett.

Skagerak Kraft AS har erverva i overkant av 80% av fallrettane på den aktuelle elvestrekninga og er innstilt på å komme til minnelege ordningar med dei resterande falleigarane. Det er aktuelt

å etablere eit driftsselskap saman med dei andre falleigarane som kan stå for bygging og drift av kraftverket. Alle falleigarar vil få høve til å delta utbyggingsselskapet.

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for miljø, naturressursar og samfunn. Konsekvensane blir oppsummert slik:

Tema	Konsekvens før avbøtande tiltak	Konsekvens etter avbøtande tiltak
Vanntemp., is og lokalklima	Liten negativ	Liten negativ
Ras, flom og erosjon	Liten negativ	Liten negativ
Ferskvassressursar	Liten negativ	Liten negativ
Gunnvatn	Liten negativ	Liten negativ
Brukinteresser	Liten til middels negativ	Liten negativ
Raudlisteartar	Middels negativ	Middels til liten negativ
Terrestrisk miljø	Middels til stor negativ	Middels negativ
Akvatisk miljø	Middels negativ	Liten negativ
Landskap og INON	Liten til middels negativ	Liten til middels negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen	Ingen
Reindrift	Ingen	Ingen
Jord og skogressurser	Liten negativ	Liten negativ
Samfunnsmessige verknadar	Liten til middels positiv	Liten til middels positiv
<b>Oppsummering</b>	<b>Middels til liten negativ</b>	<b>Liten negativ</b>

Bygginga av kraftverket er kostnadsrekna til 63 mill. Dette gir ein utbyggingskostnad på 4,47 kr/kwh.

Utbygginga av Gjuvåa kraftverk vil styrke driftsgrunnlaget for falleigarane ved at dei får varige driftsinntekter frå kraftproduksjonen. Det vil òg styrke næringsgrunnlaget i regionen i form av auka sysselsetting og auka kjøp av varer og tenester i byggeperioden. Skagerak vil vektlegge bruk av lokale entreprenørar og leverandørar der dette er mogeleg. Hjartdal kommune vil få auka eigedomsskatt (ca kr 440.000,- første heile driftsår).

To alternative utbyggingsløysingar er vurdert; - inntak lenger opp i vassdraget og kraftstasjon på oversida av fylkesvegen. Det første alternativet er forkasta etter ønskje frå grunneigar og det siste alternativet er forkasta fordi det ville medført sanering av ein bustad.

Når det gjeld avbøtande tiltak så peiker søknaden på minstevassføring og legging av rørgata utanom bekkekløft ved Greivjord som mest aktuelt. Eksisterande toppmasse vil bli tatt vare på og lagt tilbake etter at rørgata er ferdig. Bygging av støyvoll langs utløpskanalen vil bli vurdert. Det vil bli tatt omsyn både til støydemping og det estetiske ved oppføring av kraftstasjonsbygget, samt gjøre bygget til ein sjåverdigheit. Grunneigar og kommune er bedne spesielt å uttale seg om aktivitetsmogelegheiter i området.

### Vurdering:

#### *Planstatus*

I kommuneplanen sin samfunnsdel heiter det "Kommunen er rik på natur- og landbruksressursar (...). Det gjev mellom anna reiselivet (opplevingsnæringa) stort potensial. Desse ressursane skal

*nyttast på berekraftig måte".* Det er eit mål i samfunnsdelen å ta vare på å skape fleire varige og lønsame arbeidsplassar.

Samfunnsdelen peiker her på at naturressursane er viktig i utviklinga av reiselivs- og opplevingsnæringa. Utbygging av vasskraft vil i dei fleste tilfelle redusere opplevingsverdien av vassdraga. På den andre sida er utbygging av fornybar energi ei berekraftig utnytting av naturressursane. Ei utbygging av kraftverket vil bygge opp under målsettinga om å ta vare på lønsame arbeidsplassar, da det vil gi varige inntekter til gardsbruka som har fallrettar i elva.

I kommuneplanen sin arealdel står det mellom anna dette om kraftutbygging: "*I denne arealdelen er innspela om kraftverk lagt inn som informasjon i plankartet og det er ikkje gjennomført konsekvensutgreiing. I føresegne ligg det retningsliner om handsaming av desse sakene*". Det er ikkje lagt inn informasjon om Gjuvåa kraftverk i kartdelen.

I føresegndene til arealdelen heiter det at kommunen sin ambisjon som arealforvaltar er at langsiktig og balansert tenking skal medvirke til formålsteneleg og berekraftig utnytting av kommunen sine arealressursar. Dette skal skje ved fokus på heilskapsløysingar, miljøkrav og estetikk og ved å ta vare på balansen mellom nærings- og bufunksjonar, biologisk mangfald, verneområde, kulturminne og friluftsinteresser.

Gjuvåa kraftverk ligg i hovudsak i eit område avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF), medan sjølv kraftstasjonsbygget blir liggjande på areal avsett til "fritids- og turistformål". I LNF-områda skal omsynet til landbruk, natur og friluftsliv prioriterast, og det er per definisjon ikkje lov med anna utbygging enn det som er knytt til stadbunden næring. Det heiter vidare at kommunen skal stø opp under idear og tiltak som styrker gardsbruka, både når det gjeld det tradisjonelle landbruket og nye næringar.

Det er gjennom arealdelen satt ei generell byggjeforbodssone på 50 meter langs ei rekke vassdrag, deriblant Gjuvå.

Rådmannen ser at det i gjeldande kommunale planer er føringar som både støttar opp under søknaden, og føringar som talar mot ei utbygging.

På den positive sida ligg argument knytt til berekraftig utnytting av naturressursane og styrking av næring og busetting. På den negative sida ligg biologisk mangfald og restriksjonar langs vassdrag.

Konsekvensvurderingane som er utarbeidd viser at det er forholdsvis små negative konsekvensar knytt til biologisk mangfald. Vassdraga vil få redusert vassføring, men dei fysiske inngrepa er forholdsvis små.

Hjartdal kommune er i ferd med å bygge ut vass- og avløpsanlegg i Russmarken-Kovstulheia. Inntaksdammen og starten på røyrgata ligg ikkje langt frå leidningsnettet i Russmarken. Den kommunale vassforsyninga nede i bygda er ikkje optimal. Det har vore peika på mogelegeheita for å forsyne Tuddal sentrum med drikkevatn frå same vasskilde som skal forsyne hytteområda. Det vil vere samfunnsnyttig lønsamt å leggje communal vassleidning i røyrgata når anleggsarbeidet likevel går føre.

#### *Alternative løysingar*

I søknaden er det kort vist til at søker har vurdert andre løysingar. Søker ser ikkje desse som aktuelle da dei er i mot grunneigar sine interesser og rammer fast busetting. Rådmannen er samd i søkjarsine vurderingar av alternative løysingar.

### *Avbøtande tiltak*

Som avbøtande tiltak er det er foreslått minstevassføring, bevisst traseaval for rørgata, tilbakeføring av stadbunden masse over rørgate, støydemping mot campingplass og utforming av kraftstasjonsbygg/område som ein sjåverdigheit/aktivitetsområde.

Dei avbøtande tiltaka knytt til natur og miljø er fagleg grunngjeve og rådmannen har ingen merknadar til desse ut over at erfaringar viser at det tek tid før såra i landskapet gror igjen.

Søkjar ber spesielt om kommunen og grunneigar sine syn på deira tankar om å utforme kraftstasjonsbygget/området til ein sjåverdigheit/aktivitetsområde.

Hjartdal kommune og Tuddal Utvikling er i ferd med å avslutte prosjektet "Tuddal frå bygd til landsby". Gjennom prosjektet er det kome fram ei rekke idear for å utvikle landsbyen Tuddal. Nokre tiltak er og blir realisert gjennom prosjektperioden, medan andre idear ligg meir eller mindre klare til å bli arbeidde vidare med når tida er moden for det. Bygging av Gjuvåa kraftverk må etter rådmannen sitt syn bli vurdert opp mot den landskapsanalysa som er gjennomført for Tuddal sentrum og den idèdugnaden som viser potensial for utvikling av landsbyen.

Rådmannen støttar forslaget om at den eine veggen i kraftverket blir bygd i glas slik at det er mogeleg å sjå inn på turbinane. For at dette skal ha mening er det viktig at "publikum" samtidig blir gitt god, men kortfatta informasjon om kraftproduksjon. Rådmannen meiner derfor at konsesjonæren må utarbeide og sette opp informasjonstavler om kraftproduksjonen. Plassering av informasjonstavlene må avklarast med grunneigar, men rådmannen tenkjer at både området rett utafor kraftstasjonsbygget og langsmed turstigen som er planlagt gjennom campingområdet er aktuelle. Konsesjonæren må òg skilte sjåverdigheita fra fylkesvegen. Etter rådmannen sitt syn bør parkering kunne kombinerast med parkeringa til bygdetunet. Felles parkering vil kunne styrke besøket ved begge attraksjonane og vere ein spanande kombinasjon av kulturhistorie og moderne teknologi som begge er uttrykk for lokal berekraft. Rådmannen understrekar at det er viktig at grunneigarar og naboar for mogelegheit til uttale seg ut over det som ligg i sjølve høyringssaka til NVE.

### *Totalvurdering/samla belastning*

Små kraftverk gir verdifulle bidrag med fornybar energi. Lønsemada er i mange slike prosjekt er god samtidig som dei negative konsekvensane for natur, miljø og samfunn i mange tilfeller kan reknas som små. Statlege myndigheter har ved fleire høve gitt uttrykk for behovet for ei satsing på småskala vasskraftutbygging. I tillegg til kraftbalansen blir det òg fokusert på denne type utbygging sin tyding for næringsutvikling i distrikta og for forsyningstryggleiken for straum.

Hjartdal kommune er allereie ein kommune med mykje kraftutbygging. På 1950-tallet skjedde den store utbygginga med etablering av magasin i fjellområda. Ei større utbygging (Sauland kraftverk) av Tuddal- og Hjartdalvassdraget ligg framleis til handsaming i olje- og energidepartementet. Det var ei utbygging som skapte stort engasjement og motstand i lokalmiljøet. Av mindre kraftverk blei Tuddal kraftverk bygd i Kyrkjeåi i 2014. Nå ligg både denne søknaden om utbygging av Gjuvåa og ein søknad om utbygging av Svorte på bordet. Samla sett inneber dette ein omfattande kraftutbygging i kommunen. På den eine sida har dette konsekvensar for natur og miljø - på den andre sida har det stor tyding for busetnad og næringsutvikling og for kommuneøkonomien.

Ut frå ei totalvurdering meiner rådmannen at fordelane ved ei utbygging er større enn ulempene.

**RÅDMANNEN TILRÅR:**

1. Hjartdal kommune stiller seg positive til at det blir gitt konsesjon for bygging av Gjuvåa kraftverk. Planane er ikkje i vesentleg strid med kommunale planar og dei samfunnsmessige fordelane ved ei utbygging er større enn ulempene.
2. Dei avbøtande tiltaka som er foreslått er akseptable for å kompensere for dei negative naturmessige konsekvensane ved utbygginga, men Hjartdal kommune ber om at konsesjonæren blir forplikta til å følgje opp sine idear om å utforme kraftstasjonsbygget som ein sjåverdigheit med glasvegg i ein av fasadane, informasjonstavler om kraftproduksjon, samt skilting til attraksjonen frå fylkesvegen (nærmore omtalt i vurderinga i saksframlegget).
3. Hjartdal kommune ber om å få leggje kommunal vassleidning i røyrgata utan å bli belasta kostnadene ved sjølve røyrgata.

Saksordførar:

**07.03.2016 Formannskapet****VOTERING:**

Rådmannen si tilråding blei samrøystes vedteke.

**FOR-020/16 TILRÅDING:**

1. Hjartdal kommune stiller seg positive til at det blir gitt konsesjon for bygging av Gjuvåa kraftverk. Planane er ikkje i vesentleg strid med kommunale planar og dei samfunnsmessige fordelane ved ei utbygging er større enn ulempene.
2. Dei avbøtande tiltaka som er foreslått er akseptable for å kompensere for dei negative naturmessige konsekvensane ved utbygginga, men Hjartdal kommune ber om at konsesjonæren blir forplikta til å følgje opp sine idear om å utforme kraftstasjonsbygget som ein sjåverdigheit med glasvegg i ein av fasadane, informasjonstavler om kraftproduksjon, samt skilting til attraksjonen frå fylkesvegen (nærmore omtalt i vurderinga i saksframlegget).
3. Hjartdal kommune ber om å få leggje kommunal vassleidning i røyrgata utan å bli belasta kostnadene ved sjølve røyrgata.

Saksordførar: Audun Solberg

**16.03.2016 Kommunestyret****VOTERING:**

Formannskapet si tilråding til pkt 1 blei samrøystes vedteke .

Formannskapet si tilråding til pkt 2 blei samrøystes vedteke .

Formannskapet si tilråding til pkt 3 blei vedteke med 15 mot 2 stemmer.

**KOM-025/16 VEDTAK:**

1. Hjartdal kommune stiller seg positive til at det blir gitt konsesjon for bygging av Gjuvåa kraftverk. Planane er ikkje i vesentleg strid med kommunale planar og dei samfunnsmessige fordelane ved ei utbygging er større enn ulempene.
2. Dei avbøtande tiltaka som er foreslått er akseptable for å kompensere for dei negative naturmessige konsekvensane ved utbygginga, men Hjartdal kommune ber om at konsesjonæren blir forplikta til å følgje opp sine idear om å utforme kraftstasjonsbygget som ein sjåverdigheit med glasvegg i ein av fasadane, informasjonstavler om kraftproduksjon, samt skilting til attraksjonen frå fylkesvegen (nærmore omtalt i vurderinga i saksframleggget).
3. Hjartdal kommune ber om å få leggje kommunal vassleidning i røyrgata utan å bli belasta kostnadars ved sjølve røyrgata.

